

Olje og energi departementet

Nordfjord Vekst  
v/ dagleg leiar  
Edvin Haugen  
Gate 1 nr. 119  
6700 Måløy

Måløy 1 oktober 2014

***Høyringsuttale Reiten-utvalet sin rapport «Et bedre organisert strømnnett»***

Nordfjord Vekst er næringslivet og kommunane i Eid, Selje og Vågsøy sitt næringssselskap. Vi har over 160 bedrifter i vårt nettverk. Rammevilkår for næringslivet er ei av våre prioriterte arbeidsoppgåver.

Nordfjord Vekst krev at det vert gjort noko med dei store skilnadane i nett-tariffane rundt om i landet. Det er viktig at ein i framtida ikkje blir «straffa» for å produsere fornybar energi. T.d. vår del av landet (Sogn og Fjordane) sender store delar av den fornybare energien til dei folketette områda i landet. Deretter må vi betale «prisen» for dette med langt høgare nett-tariff enn i områda som «vi» forsyner, slik kan det ikkje vere i framtida!

Nordfjord Vekst meiner at noverande nett - tariffar stimulerer til å leggje tungt forbruk av elektrisk energi til underskotsområde (dvs. vekk frå våre overskotsområde). Dette er ei dårleg, og indirekte feilstyring av næringsutviklinga i landet.

No har ein sjansen til å ordne opp i ei urettferdig ordning ang. nett-tariffane. Ikkje lat den sjansen gå frå dykk!

Helsing  
Nordfjord Vekst  
v/dagleg leiar

Edvin Haugen